

SUNNHORDLAND BOTANISKE FOREINING

PROGRAM 2017

Onsdag 22. februar Årsmøte på Rehabsenteret.

Foredrag med lysbilete ved Asbjørn Knudsen. Tema: Blomar på Bømlo
Årsmøtesaker.

Onsdag 19. april Kurs i artsobservasjonar

Her kan vi lære korleis vi skal legge inn data i Artsdatabanken, og prøve oss litt på det i praksis. Artsdatabanken gir flott oversikt over plantene si utbreiing i Noreg, og kan f.eks. vere til nytte når ein skal vurdere spreiring av uønska artar. Nærare informasjon om kurset blir sendt ut på e-post. Kursansvarlege er Per Fadnes og Odd Winge (93455414)

Sundag 21. mai Vårtur til Møkster

Møkster har ein fantastisk flora og interessant geologi. Her er det kalkrik grunn, så det er mange sjeldne planter. Vi skal gå i terrenget heilt ut mot havet til jettegrytene dersom veret er bra. Undervegs finn vi fine informasjonstavler om naturen på øya. Vi reiser med hurtigbåt frå Leirvik kl 10.22 via Rubbestadneset (atterhald om endring i rutene). Dersom veret er bra, bruker vi heile dagen på Møkster, og stoppar i Bekkjarvik og får med oss den gode fiskesuppa deira på returen. Er veret ikkje fullt så bra, blir det ein kortare tur utan middag etterpå. Turleiarar er Odd Winge (93455414) og Sigrun Vik Nilsen (99507625) NB! Påmelding til turleiarane.

8.-11. juni Botanikkdagane 2017

Ekskursjonar til Huglo, Bømlo og Hystadmarkjo med inspirerende turleiarar og fellesskap med botanikkinteresserte frå heile landet. Etter turane samlast vi for å gå gjennom det vi har sett. Nokre kveldar blir det også foredrag. Påmelding til Odd Winge (oddwinge1@gmail.com)



Sundag 18. juni Villblomedagen

Tur i Landåsen. Tema: planter i skogen og ved vatnet.
Turen passar for alle, både barnefamiliar, unge og gamle. 2-3 timars tur.
Frammøte på Vabakkjen kl 11.00
Turansvarleg: Kari Hope (99648749)

Sundag 20. august Hausttur til Ryvarden fyr

Tur saman med Rogalandsavdelinga. Frammøte kl 13.00 på Mølstrevåg. Vi går på grusveg den siste strekninga fram til Ryvarden fyr. Dette er ein tur der vi får nyta lyngblomstringa på sitt finaste. Turleiar: Asbjørn Erdal (91113188)

September/oktober Sopptur med fokus på matsopp.

Turleiarar: Per Fadnes og Odd Winge (93455414)

Oktober

Medlemsmøte. Tema: Vi deler sommarens botanikkopplevingar

November/desember

Julemøte

Hugs å kle dykk etter veret. Godt fottøy er viktig. Ta gjerne med vener og kjende. På turane får vi mosjon og frisk luft i tillegg til naturoppleving og utvida plantekjennskap. På alle turane har vi ein matpause; ta med niste. Det er også høve til å delta på arrangement i regi av Rogalandsavdelinga <https://sites.google.com/site/botaniskrogaland/turprogram> og Vestlandsavdelinga <http://nbfvest.uib.no/program/>
Følg oss også på Facebook <https://www.facebook.com/groups/1193408044082921/>